



Arkivnr: 2014/17363-2

Saksbehandlar: Annbjørg Laupsa

Saksframlegg

Saksgang

UTVAL	Sak	Møtedato
Fylkesutvalet		19.06.2014

Namn på produksjonsskule.

Fylkesrådmannen viser til oppstart av nytt opplæringstilbod i Møllendalsvegen hausten 2014, og legg med dette fram sak om namn på produksjonsskulen.

Produksjonsskule er eit internasjonalt omgrep, og Hordaland Fylkeskommune er invitert til å bli medlem av IPSO (International Production School Organisation). Som første prosjekt i Norge ynskjer vi å vere ein del av EU si satsing på denne type opplæringstilbod og utvikle ein modell som eventuelt kan vidareførast til andre deler av fylket.

Framlegg til lokalt namn på Hordaland fylkeskommune sin fyrste produksjonsskule er **Hyssingen Produksjonsskule**. Bakgrunn for namnevalg er m.a. at lokala i Møllendalsvegen der produksjonsskulen skal starta opp vart teikna i 1938 av Leiv Grung og var produksjonslokala til Norsk Hyssingfabrikk. Fylkesrådmannen ynskjer å ivareta det historiske aspektet og vidareføre arven etter ein viktig periode i Bergen sin industrielle historie.

Arbeidsfellesskap og yrkesstoltheit står sentralt i pedagogikken til produksjonsskulen. Hyssingen Produksjonsskule er eit namn som på ein god måte harmonerer med oppdraget og inkluderer søkjarar frå heile fylket.

Forslag til vedtak

Den nyoppstarta produksjonsskulen i Møllendalsvegen får namnet **Hyssingen Produksjonsskule**

Johnny Stiansen
konst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.